

Strategiplan 2016 - 2020

Plattform for kunstnarisk utviklingsarbeid

Program for kunstnerisk utviklingsarbeid (PKU) er Noregs viktigaste finansieringskjelde for kunstnarisk utviklingsarbeid og er eit fellestiltak for dei skapande og utøvande kunstfaga. Programmet støttar prosjekt ved norske universitet og høgskolar som har kunstnarisk praksis som kjerne for aktivitetane, og det sikrar eit unikt tilbod for forskarutdanning. Programmet tilfører sektoren kompetanse, er ein nasjonal fagleg arena og bidrar aktivt i utviklinga av fagleg kvalitet. Kunstnarisk utviklingsarbeid som ein parallell til vitenskapleg forskning er nedfelt i lovverket som eit felles mål for institusjonane innan høgare utdanning i Noreg. PKU er eit unikt program i internasjonal samanheng og ein pådrivar for feltet kunstnarisk utviklingsarbeid.

Programstyret er oppnemnd av Kunnskapsdepartementet og er eit fagleg samansett styre med høg kompetanse i kunstnarisk utviklingsarbeid og med ein tverrfagleg representasjon frå dei kunstfaglege utdanningsinstitusjonane.

Programmet forvaltar den norske plattformen for kunstnarisk utviklingsarbeid gjennom styrets retningslinjer for verksemda og praktiseringa av desse. Verksemda omfattar Prosjektprogrammet og Stipendiatprogrammet. Programstyret rår årleg over 39 mill. NOK. Stortingsmeldinga «*Konsentrasjon for kvalitet - strukturreform i universitets- og høyskolesektoren - Meld.St. 18 (2014-2015)*», stiller skjerpade krav til kvalitet, storleik og stabilitet i utdanningsmiljøa. Programstyret forutset at regjeringa sin ambisjon om å utvikle verdslieande fagmiljø også omfattar dei kunstfaglege miljøa.

Drivkraft for fagleg utvikling

Nasjonalt råd for kunstnerisk utviklingsarbeid (NRKU) står samla bak at kunstnarisk utviklingsarbeid

- genererer kunnskapsutvikling på kunstnarisk grunnlag
- artikulere og tematiserer faglege spørsmål gjennom kunstnarisk praksis og refleksjon
- utviklar og utfordrar eit breitt spekter av uttrykks- og dokumentasjonsformer
- etablerer arenaer for fagleg deling både for prosess og resultat
- kvalifiserer refleksjon i institusjonane gjennom fagleg kontekstualisering og kritisk drøfting
- bidrar til og utfordrar kunstnarisk praksis og diskursar i kunstfeltet
- styrkjer kunstnarisk kompetanse i samfunnet

Kunstnarisk utviklingsarbeid er ein parallell til grunnforskning, anvendt forskning og utviklingsarbeid og det rommar heile spekteret av forskning og utviklingsarbeid for fagområdet kunst. I kunstnarisk utviklingsarbeid står kunstutøvinga i sentrum.

PKU er ei drivkraft for fagleg utvikling. Prosjektprogrammet er ein parallell til Norges forskningsråd sine ulike støtteordningar. Det er ein viktig mekanisme for å finansiere kunstnarisk utviklingsarbeid i og på tvers av institusjonane. Gjennom prosjektprogrammet stimulerer PKU den faglege utviklinga ved institusjonane. Både institusjonane og programstyret har tatt til orde for at denne rolla bør styrkast gjennom auka rammer til programmet. For å sidestille kunstnarisk utviklingsarbeid med anna forskning, vil programstyret arbeide for ein statleg opptrappingsplan for kunstnarisk utviklingsarbeid, og ei dobling av den årlege budsjettamma til programmet.

Forskarutdanning på kunstfeltet

Stipendiatprogrammet blir rekna som likeverdig med doktorgradsprogram, men gir i dag ikkje gradsuttelling for fullført prosjekt. Program for kunstnerisk utviklingsarbeid og Nasjonalt råd for kunstnerisk utviklingsarbeid (NRKU) foreslår at det blir oppretta institusjonelle ph.d.-grader i skapande og utøvande kunstfag og at Stipendiatprogrammet blir vidareført som ein nasjonal forskarskole, drifta av PKU. Utdanninga vil da få ei klar forankring ved institusjonane, på linje med andre utdanningsløp. Programstyret støttar omdanninga av stipendiatprogrammets felles opplæringsdel til ein forskarskole som institusjonane og PKU samarbeider om. Kunst på høgt internasjonalt nivå er framleis det viktigaste målet for utdanninga. Institusjonane sine forskrifter for ph.d.-graden må bli utforma slik at kunstutøvinga står i sentrum og sikrar at utdanninga blir verande attraktiv for dei beste talenta. Dei norske ph.d.-utdanningane og samarbeidet i forskarskolen skal vere eit førebilete for andre doktorgradsprogram i skapande og utøvande kunst.

Dei små fagmiljøa i kunst ved mange utdanningsinstitusjonar har sitt nasjonale kontaktpunkt gjennom programmets aktivitetar. Programmet samlar stipendiatar innanfor eit vidt fagspekter og byggjer fellesskap på tvers av fag og institusjonsgrenser. Sjølv i ei framtid med større institusjonar vil mange av dei kunstfaglege miljøa vere små einingar. Stipendiatprogrammet disponerer i dag 26 stillingar fordelt på 12 fagmiljø med ulik institusjonell forankring i ei felles forskarutdanning. Dei siste åra har institusjonane bidratt merkbar til vekst i programmet ved å disponere eigne midlar til finansiering av stipendiatstillingar. Finansiering gjennom PKU er avgjerande for å sikre volum og konkurranse i forskarutdanninga. Programstyret meiner at finansieringa av stipendiatstillingar gjennom PKU bør byggjast opp slik at PKU disponerer minst 45 stipendiatstillingar for nasjonal fordeling.

Strategi og tiltak 2016 - 2020

Programmet skal bidra til at regjeringa oppnår sine sektormål og arbeide for at kunstnarisk utviklingsarbeid ved norske høgskolar og universitet oppnår internasjonal anerkjenning. Regjeringa har gitt programstyret mandat for verksemda og strategien er utforma med dette som utgangspunkt.

Program for kunstnerisk utviklingsarbeid skal virke for at universitet og høgskolar utfører kunstnarisk utviklingsarbeid på høgt nivå og er aktive og synlege internasjonalt

Regjeringa har ambisjon om at Noreg skal bli eit av dei mest innovative landa i Europa og skriv i sine sektormål for forskning og utdanning at landet treng utdanning, forskning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid som samspelar med omverda.

Det norske programmet er internasjonalt orientert og anerkjent. Den norske plattformen for kunstnarisk utviklingsarbeid med klar forankring i kunstnarisk praksis, skal påverke fagutviklinga internasjonalt.

Prosjektstøtte frå PKU betyr mykje for rekruttering og for utvikling av forskingskulturen på dei norske kunstfaglege institusjonane/fagmiljøa. Institusjonane sitt ansvar for gode arbeidsvilkår og kvalitet i prosjekta er nedfelt i retningslinjene for programma. Prosjekta som blir støtta frå PKU, representerer lokalt forankra kunnskapsutvikling, og stipendiatane er viktige faglege ressursar i sine fagmiljø. Stipendiatane får høve til fagutvikling, utover det den enkelte institusjonen kan gi, gjennom dei tverrfaglege aktivitetane og det nettverket PKU legg til rette for.

PKU skal støtte prosjekt som fremmar internasjonalt samarbeid gjennom prosjektdeltaking og utveksling av personale. Samtidig må institusjonane søkje å utnytte andre kjelder for finansiering som er retta inn mot internasjonal utveksling.

Mål:

- *PKU skal verne om programmets kjerneaktivitetar og unike internasjonale plassering gjennom å stille høge krav til kva kunstnarisk verksemd som får innvilga støtte*
- *PKU skal gjennom prosjektprogrammet vere ein sentral og samlande aktør i det å finansiere og fremme kunstnarisk utviklingsarbeid i Noreg*
- *PKU skal sjå styrking av institusjonane sine eigne forskingsmiljø i samheng med tildeling av prosjektmidlar og stipendiatstillingar*
- *PKU skal støtte opp om prosessane for å etablere institusjonelle ph.d.-grader og omdanninga av opplæringsdelen i stipendiatprogrammet til ein forskarskole som PKU og institusjonane samarbeider om*
- *PKU skal vere internasjonalt synleg og bidra til ny og grensesprengjande kunnskap i ein internasjonal kontekst*

Tiltak:

- *Programstyret skal fremme kunstnarisk utviklingsarbeid overfor beslutningstakarar nasjonalt og arbeide for å realisere ei statleg opptrapping for finansiering av kunstnarisk utviklingsarbeid*
- *PKU skal delta i etableringa og driften av forskarskolen i utøvande og skapande kunstfag og sikre at Stipendiatprogrammet blir vidareført inntil alle fagområde er dekkja av ph.d.-grader*
- *PKU vil utarbeide eit forslag til korleis ei ekstern evaluering av programmet bør leggast opp og starte eit forprosjekt*
- *PKU skal styrke samarbeidet med Norges Forskningsråd og stimulere institusjonane til å utnytte NFR sin kompetanse og støtteordningar for søknader mot NFR og EU*
- *PKU skal bistå institusjonar som søker mobilitetsfinansiering frå EU, ved å tilrettelegge forskarskolen for internasjonal deltaking*
- *PKU skal delta aktivt i internasjonale miljø for kunstnarisk utviklingsarbeid*

Program for kunstnerisk utviklingsarbeid skal bidra til å fremme refleksjon og innsikt basert på kunstnarisk praksis

PKU gir prosjektfinansiering basert på kvalitet og åpen konkurranse. Programstyret legg vekt på at institusjonane og dei prosjektansvarlege også tar kjønnsperspektiv og etiske problemstillingar inn i all kunstnarisk praksis.

Programmet har tilført sektoren ein kultur for bruk av fagfellevurdering som eit viktig element i kvalitetsutviklinga i institusjonane. Programmet har kvalitetskrav som bidrar til å styrke innsikt, kunnskap og medvet om metodar, etikk og kontekst i kunstnariske prosessar i fagmiljøa, og som skaper ein diskurs omkring dette.

PKU bidrar til utvikling av språk basert på innsikt og erkjenning som det berre er mogleg å utvikle frå innsida av kunstnarisk praksis. Dette styrkjer den diskursive dimensjonen av kunstnarisk utviklingsarbeid i Noreg.

PKU har krav til eksplisitt refleksjon fastsett i retningslinjene. Stipendiatane må dokumentere sin refleksjon og prosess som del av sluttevalueringa av prosjektet. Prosjekt med støtte frå prosjektprogrammet er forplikta til å søkje internasjonal publisering. Både stipendiatar og prosjektleiarar skal gjere arbeida sine offentleg tilgjengelege og utsette arbeida sine for kritisk dialog og tilbakemelding frå fagfeller.

PKU gir eit viktig bidrag til heile kunst- og kulturfeltet. Tidligere stipendiatar har i dag stillingar i og utanfor utdanningsinstitusjonane eller er etablerte som profesjonelle kunstnarar i det frie kunstfeltet. PKU har krav til at prosjekta som blir støtta, har etablert kontakt og samarbeid med andre høgare utdanningsinstitusjonar eller eksterne kunstmiljø og kunstscener med fagleg spisskompetanse, produksjons- eller visingsressursar. Aktivitetane i programmet har med det ringverknader langt ut over norske høgskolar og universitet.

I løpet av dei siste åra har institusjonane fått eit større ansvar for Stipendiatprogrammet. Etableringa av institusjonelle ph.d.-grader og den nasjonale forskarskolen i skapande og utøvande kunstfag vil bety ei ny stor og ønska omlegging av programmet. For PKU medfører dette at vekta blir flytta over på prosjektprogrammet. PKU ser dette som eit godt utgangspunkt for oppstart av ein plan for opptrapping av dei kunstfaglege miljøa. Programstyret meiner at prosjektprogrammet bør ha rom for å finansiere enkeltprosjekt som for ein treårsperiode har storleik frå 10 til 15 mill NOK.

Mål:

- *Prosjektprogrammet si løyving skal trappast opp til 30 mill NOK per år*
- *Prosjekta skal ha internasjonal rekkjevidde*
- *PKU skal bidra til utvikling av eit norsk kunstfagleg fagspråk*
- *PKU skal skape ein tradisjon for kvalifisert kritisk refleksjon*
- *PKU skal tydeleggjere at kunst har samfunnsrelevans og bidrar til innovasjon og omstilling*

Tiltak:

- *PKU skal nytte internasjonalt fagleg sterke sakkunnige i søknadsvurderingane*
- *PKU skal sjå på medvit om kjønnsperspektiv i kunsten som ein verdi og kjønnsbalanse i organiseringa som eit kvalitetstrekk i prosjekt som blir støtta*
- *PKU skal bidra til fokus på etikk i kunstnariske kontekstar og refleksjonar*
- *PKU skal ha krav til at kunstnarisk utviklingsarbeid blir formidla åpent og er gjenstand for fagfellevurdering*

Program for kunstnerisk utviklingsarbeid skal stimulere til tverrkunstnarisk kommunikasjon og vere møtestad for dei kunstfaglege utdanningsmiljøa

Dei skapande og utøvande kunstfaga omfattar heile kunstfeltet. PKU har, som operatør for Stipendiatprogrammet, ein viktig funksjon som fagleg arena for å utvikle eit breitt nasjonalt fagmiljø. PKU skaper tverrfaglege møteplassar og styrkjer kontakten mellom dei ulike delane av kunstfeltet og utdanningsinstitusjonane. PKU ser eit ansvar for å lyfte fram felles problemstillingar og tematikk som fagmiljøa må jobbe vidare med lokalt og som står sentralt i alt kunstnarisk utviklingsarbeid.

Programmet skal bidra til å styrke formidling av kunstnarisk utviklingsarbeid. Formidling skal skje både i kunst-, forskings- og utdanningsmiljøa, og til ålmanta. PKU skal stimulere til internasjonal presentasjon og fagfellevurdert publisering av norsk kunstnarisk utviklingsarbeid. PKU skal leggje til rette for dokumentasjon og registrering av kunstnariske utviklingsarbeid.

Mål:

- *Programstyret skal synleggjere programmets mål og aktivitetar internasjonalt*
- *PKUs arenaer for kunstnarisk utviklingsarbeid skal vere tydelege i det internasjonale landskapet av konferansar og diskurs*
- *Resultata frå PKU-finansierte prosjekt skal brukast og danne referanse i ein internasjonal kontekst*

Tiltak:

- *PKU skal prioritere prosjekt som involverer fleire kunstnariske uttrykksformer og som har internasjonale samarbeidspartnarar*
- *PKU skal styrke Artistic Research Forum som internasjonalt og tverrkunstnarisk kontaktpunkt*
- *PKU skal arbeide for vidare utvikling av fleirmediale plattformer for prosjektsamarbeid og dokumentasjon*